

Koronasmitteutbrot ved Åsane vgs.

Det er meldt om fire smittetilfelle ved Åsane vidaregåande skule i dag. I tillegg er det eit tilfelle som var meldt i går. Dette er det høgste tal samtidige kjente smittetilfelle ved ein vidaregåande skule i Vestland, så langt i pandemien.

- Vi ser alvorleg på dette og arbeider no tett med smittevernkontoret i Bergen for vidare oppfølging av elevar og tilsette. Elevar som blir rekna som nærkontaktar til dei smitta vil få sms med melding om at dei må gå i karantene. Nokre har allereie fått melding og andre vil få melding så fort vi har oversikt, seier Jens Petter Storheim, rektor ved Åsane vidaregåande skule.

Han legg til at meir informasjon til elevar og føresette blir lagt ut på itslearning.

Det er totalt 1300 elevar og deltakarar ved vaksenopplæringa ved skulen. Dei som ikkje har fått melding på sms om å halde seg heime innan sundag kveld, skal møte på skulen som normalt på måndag.

-Eg reknar med at tiltaka vi no gjer ved Åsane vgs. vil ha god effekt. Vi vil følgje situasjonen nøye i dagane framover og sjå om det er andre tiltak vi må setje i verk, seier Bjørn Lyngedal, direktør opplæring og kompetanse

Han legg til at på skulane i Vestland er det stor merksemd på dei vanlege smittevernreglane som omhandlar handvask, avstand og ikkje å kome på skulen når ein er sjuk. Avdelinga ser no på moglege løysingar for digital undervisning for elevar, som anten er i karantene eller held seg heime med uavklarte luftvegssymptom.

Kontakt:

Jens Petter Storheim, rektor Åsane vidaregåande skule
Tlf: 90 18 76 12

Bjørn Lyngedal, direktør opplæring og kompetanse
Tlf: 95 03 37 70